

**SAKSFRAMLEGG**

<b>Sakshandsamar:</b> Frøland, Knut Harald	<b>Arkivkode:</b> FA - N00
<b>Arkivsaksnr:</b> 14/804	<b>Løpenr:</b> 17/10957
<b>Sakstype:</b> Politisk sak	

**SAKSGANG**

<b>Styre, utval, komité m.m.</b>	<b>Møtedato</b>	<b>Saksnr</b>
Kommunestyret	13.12.2017	051/2017

**Innspel til Skyss på ny takst- og sonestruktur i Hordaland 2018****Ordføraren sitt framlegg til vedtak:**

I utkastet til sonegrenser er det opprinnelege utkastet justert slik at heile Samnanger kommune fell innanfor sone 3, istadenfor å vera delt mellom sone 1 og sone 3. Samnanger kommune meiner at justeringa heller burde gått andre vegen, slik at heile Samnanger kommune vart inkludert i sone 1. Dette vert grunngjeve slik:

- I hovudsak er dei føreslårte sonegrenser avgrensa av naturlege grenser satt av fjord og fjell. I dette biletet må Samnanger og Os sjåast i same sone – dvs. sone 1.
- I dei føreslårte sonegrenser tek ein og omsyn pendlar-, passasjer- og elevstraumar, skulekrinsar, kommunegrenser, tettstader, naturlege knutepunkt osb. Hovudstraumen av reisande og kollektivreisande frå Samnanger kommune går mot Arna og Bergen. Reisetid med kollektivtransport frå Samnanger til Arna er om lag 20 min og med overgang til tog når ein Bergen sentrum på om lag 30 minuttar. I regional plan for attraktive regionssenter - vedteke av fylkestinget 10. desember 2014 - er Arna også definert som regionsenter for Samnanger. Å plassera Samnanger i ei anna sone enn kommunen sitt regionsenter, og utan omsyn til pendlarstruktur, er uheldig, og vil avgrensa kollektivtransporten sin konkurranseskraft med privatbilisme.
- Ny dobbeltspora jernbane mellom Arna og Bergen vil auka attraktiviteten til å nytta kollektivtilbod og dette vil krevje større parkeringsareal i Arna. I ny jernbane mot Voss (K5-alternativet) er jernbanestasjon på Trengreid planlagt nedlagt og dette vil ytterligare auka krav om parkeringsplass i Arna. At flest mogeleg samningar nytta kollektivtransport frå Samnanger vil difor også ha positiv effekt på tilgang på parkering i Arna.
- Eikedalen skisenter har på normalt gode vintrar opptil 70.000 besøkjande i månadane desember – april. Mange av dei besøkjande til skisenteret nytta seg av kollektivtransport frå Arna og Bergen og det er difor viktig at heile Samnanger kommune blir plassert i sone 1 slik at så mange som mogeleg vil nytta kollektivtransport til attraktive Eikedalen skisenter.

Samnanger kommune ønskjer og dialog med Skyss og vil i tillegg til tilbakemelding be om at møte med Skyss vert halde før frist utgår 21.12.17.

**Dokument som er vedlagt:**

Invitasjon til å komme med innspel og tilbakemeldingar på Ny takst- og sonestruktur i Hordaland 2018(168421)  
Samnanger kommune(168420)

**13.12.2017 Kommunestyret:**

Handsaming i møtet:

Kommunestyrrerepresentantane diskuterte saka, og ordføraren sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**KS- 051/2017 Vedtak:**

I utkastet til sonegrenser er det opprinnelege utkastet justert slik at heile Samnanger kommune fell innanfor sone 3, istadenfor å vera delt mellom sone 1 og sone 3. Samnanger kommune meiner at justeringa heller burde gått andre vegen, slik at heile Samnanger kommune vart inkludert i sone 1. Dette vert grunngjeve slik:

- I hovudsak er dei føreslårte sonegrenser avgrensa av naturlege grenser satt av fjord og fjell. I dette biletet må Samnanger og Os sjåast i same sone – dvs. sone 1.
- I dei føreslårte sonegrenser tek ein og omsyn til pendlar-, passasjer- og elevstraumar, skulekrinsar, kommunegrenser, tettstader, naturlege knutepunkt osb. Hovudstraumen av reisande og kollektivreisande frå Samnanger kommune går mot Arna og Bergen. Reisetid med kollektivtransport frå Samnanger til Arna er om lag 20 min og med overgang til tog når ein Bergen sentrum på om lag 30 minuttar. I regional plan for attraktive regionssenter - vedteke av fylkestinget 10. desember 2014 - er Arna også definert som regionsenter for Samnanger. Å plassera Samnanger i ei anna sone enn kommunen sitt regionsenter, og utan omsyn til pendlarstruktur, er uheldig, og vil avgrensa kollektivtransporten sin konkurranseskraft med privatbilisme.
- Ny dobbeltspora jernbane mellom Arna og Bergen vil auka attraktiviteten til å nytta kollektivtilbod og dette vil krevje større parkeringsareal i Arna. I ny jernbane mot Voss (K5-alternativet) er jernbanestasjon på Trengreid planlagt nedlagt og dette vil ytterligare auka krav om parkeringsplass i Arna. At flest mogeleg samningar nytta kollektivtransport frå Samnanger vil difor også ha positiv effekt på tilgang på parkering i Arna.
- Eikedalen skisenter har på normalt gode vintrar opptil 70.000 besökjande i månadane desember – april. Mange av dei besökjande til skisenteret nyttar seg av kollektivtransport frå Arna og Bergen og det er difor viktig at heile Samnanger kommune blir plassert i sone 1 slik at så mange som mogeleg vil nytta kollektivtransport til attraktive Eikedalen skisenter.

Samnanger kommune ønskjer og dialog med Skyss og vil i tillegg til tilbakemelding be om at møte med Skyss vert halde før frist utgår 21.12.17.

**Kva sak gjeld:**

Det har lenge vore eit ønske om å forenkle takst- og sonestrukturen i Hordaland. I fylket vårt er det i dag slik at kundar i sone Bergen kan reise innanfor minstetakst og har fleire salskanalar tilgjengeleg, medan det for kundane i resten av fylket er ei rekke små soner som avgjer billetprisen, og biletten må kjøpast om bord. Fylkestinget i mars 2017 vedtok å innføre ny takst- og sonestruktur i Hordaland i løpet av 2018, og fylkesrådmannen har i sitt

budsjettframlegg for neste år stilt forslag om 1. august som dato for gjennomføring.

Modellen med sju takstsoner vil gi eit kollektivtilbod som er lettare å forstå for kundane, og vil også legge til rette for innføring av mellom anna mobilbillett. Om lag 95 prosent av kollektivreisande og skuleelevar vil i ny sonestruktur reise innanfor ei sone og oppleve at prisen blir lik som i dag, eller billigare. Kryssar ein fleire soner, kan det medføre høgare pris enn i dag.

På bakgrunn av det politiske vedtaket har Skyss fintekna sonegrensene i dei sju framtidige sonene, i samarbeid med konsulentelskapet COWI som har gitt sine tilrådingar. I hovudsak er sonene avgrensa av naturlege grenser satt av fjord og fjell. Der dette ikkje var mogeleg har ein tatt omsyn til pendlar-, passasjer- og elevstraumar, skulekrinsar, kommunegrenser, tettstader, naturlege knutepunkt osb. Nokre av forslaga vil derfor føre til at dei nye sonegrensene kryssar eksisterande soner, kommunegrenser eller buss- og vegforbindelsar. I utkast til sonegrenser frå Skyss er heile Samnanger kommune satt i sone 3 medan kommunane Os, Austrheim, Lindås, Meland, Radøy, Osterøy, Askøy, Sund, Øygarden, Fjell, Os og Bergen alle er satt i same sone – dvs. sone 1.

Samnanger kommune er invitert til å koma med innspel og tilbakemeldingar til Skyss sitt arbeid med å fastsetje endelige sonegrenser i samanheng med ny takst- og sonestruktur i Hordaland 2018.

### **Vurdering og konsekvensar**

Eit nytt sonekart kor Samnanger kommune er plassert i sone 1 vil vere til gangs for at fleire reisande vil nytte seg av kollektivtransport i Hordaland.